

Industrisamfunnets store tiår – Follafoss i 1950-åra

Av Ingar Kaldal

«Industrialismens lykkelege augeblikk» er 1950-åra vorte kalla av forfattaren Kjartan Fløgstad. Det kan det argumenterast for på fleire måtar. 1950-talet var tiåret da industrien var på sitt viktigaste, ikkje berre for sysselsetting og nasjonale inntekter, men som tema i politiske visjonar og tenkemåtar om kva som var eit godt og fornuftig liv. Her skal det handle om korleis dette tiåret arta seg i eit fabrikk-samfunn i Nord-Trøndelag, Follafoss i Verran.

Frå da tresliperiet vart bygd ved utløpet av Folla elva i 1909, var det berebjelen i dette vesle industrialsamfunnet, som låg inst i Trondheimsfjorden og inntil 1930-åra stort sett hadde kontakt med omverda via sjøvegen. Frå 1919 til 1983 var sliperiet eigd av Nord-Trøndelag fylke. Deretter tok Lyng Industrier over og bygde om fabrikken frå mekanisk tresliping til kjemisk-termo-mekanisk tremasse (CTMP). Så vart bedrifta i 1989 kjøpt av Norske Skog-industrier, i 2000 av svenske Södra Cell, som i dag driv fabrikken.


Dei første 15 åra etter i 1945 må på fleire måtar ha vore den beste tida i Follafoss. Den kom etter ei nesten 30 år lang vanskeleg periode, først mellomkrigsåra med økonomiske kriser og arbeidsløyse, så krigsåra med full stans i produksjonen ved sliperiet. Så kom freden med oppgang og full sysselsetting. I 1950 var arbeidsstokken ved

sliperiet like stor som før krigen, ca 150 mann, så auka den vidare til ca 200 i 1957. Frå 1950 til 1960 voks folketalet i Follafoss frå 549 til 662. Fabrikken gjekk godt. Det vart investert i ny teknologi som effektiviserte produksjonen. Likevel ga sliperiet jobb til fleire enn før. Først frå 1960-åra kom det rasjonaliseringar som også reduserte arbeidsstokken. Og da begynte sliperiet å gå dårlegare. Framtidsutsiktene vart meir usikre – som for mange andre liknande industriplassar. Men Follafoss slapp nedlegging, sjølv om det til tider såg mørkt ut.

Tilbake til 1950-åra. Da ga fabrikken levebrød og optimisme til stadig fleire. Og bedrifta var med på å finansiere velferd og velstand i lokalsamfunnet som i stor grad var ny både i omfang og betydning. La oss sjå nærmere på kva dei gode tidene baud på for folk i Follafoss.

Rasjonalisering, produksjonsvekst og premielønn

Kort tid etter oppstarten etter krigen vart ein ingeniør frå Oslo sett til å granske sliperiet. Han hadde vore i Amerika og studert effektivitet. I Follafoss fann han tilstanden så dårleg at han vurderte fabrikken sin verdi til null. Maskineriet var nedslite og tungvindt å passe. Innan midten av 1950-talet vart heile sliperiet rasjonalisert. Mannskapet



Oversiktsbilde med tømmerhamna, gamalverkstaden, sliperiet og kraftstasjonen. Frå Södra Cell Folla AS si bildesamling.


vart redusert på noen plassar, men ikkje med mange mann. For samtidig auka produksjonen, og fagforeininga heldt att ved å stille krav om bemanninga i kvar avdeling.

Det fleire av arbeidarane fortalte om dette i intervju mange år seinare, var at mye arbeid vart lettare fysisk (i samband med eit doktorgradsprosjekt om Follafoss og Ranheim, intervjuet eg i 1980-åra 48 arbeidarar i Follafoss – oversikt over dei finst i avhandlinga – sjå til slutt i artikkelen). Ein som begynte som pakkar i sliperiet den siste tida da dei enno lempa tremassen for hand frå der den kom ut av maskinene som tørka og pressa tremasseflak, og inn i pakka (kor den vart stabla og pakka til tremasseballar på ca 200 kg), fortel at han bestemte seg for å slutte der så fort som råd. Han «sveitta og bala og vart sår inni fingrane» av løftinga. Men da beringa forsvann, fordi lempinga vart

mekanisert, «vart det ein fin-fin jobb å sitte der. Vi satt berre og passa at ballen vart full.»

1950-åra baud på gode konjunkturar. Korea-boomen i 1951 gjorde det muleg å selje tremassen for over det dobbelte av prisen eit par år før. Men også etter det heldt prisane seg jamt høge heilt til det første tilbakeslaget etter dei gode åra i 1957-58. I alle desse åra gjaldt det å produsere mest muleg, og å halde maskineriet i gang.

Dette ga fagforeininga gode kort på handa, som ho brukte i forhandlingar både om lønn og mannskapstal. I sliperiet ga det seg utslag i eit førebels voldgiftsoppgjer om mannskapsordninga i 1949. Samtidig vart lønna kopla nærmare til arbeidsinnsats. Det skjedde blant anna gjennom ein ny avtale om produksjonspremie frå 1950, eit tillegg oppå timelønna som skulle reknast ut etter produksjonen.



Ballpressa i maskinhallen. Frå Södra Cell Folla AS si bildesamling.

Det var fagforeininga som dreiv det fram. Å knyte lønna til ytinga var i strid med eit lønnsprinsipp som hadde vore i bruk sidan i 1925, da fagforeininga fekk bort akkordlønna ved sliperiet. Men no var prestasjonslønn i tråd med ein iver etter å auke produksjonen som også fagrørsla var meir og meir med på. Sliperiarbeidarforeininga reiste forslaget om premieordning etter å ha fått tips om det fra Papirindustriarbeidarforbundet. Ingen hadde nemnt kravet året før. Men bedrifta gjekk no med på det straks. For kvart tonn som vart produsert over ei viss grense (basis) per veke, skulle arbeidarane ha eit tillegg. Kort tid seinare klarte fagforeininga å senke basisproduksjonen frå 920 til 800 tonn, berre etter «konferanse» med leiinga. Det viser korleis premielønna passa inn også i ein trøng fagrørsla no hadde

til å finne utvegar til lokale lønnstillegg, mellom tariffoppgjera.

Eit anna teikn på at også arbeidarane og fagorganisasjonen no var med på å auke arbeidsinnsatsen for å dra nytte av høgkonjunkturen, var bruken av overtid. I 1920- og 30-åra hadde fagforeininga prøvd å få medlemene til å begrense overtidsarbeidet mest muleg, for å gi jobb til fleire av dei mange arbeidslause. Det omsynt forsvann i 1950-åra. Da tok fagforeininga det også noe lettare med å passe på at medlemene heldt seg til lovleg overtid. Første gong det vart nemnt som problem i møteprotokollane til sliperiarbeidarforeininga etter krigen, var i 1955. Og det var like etter at eit varsel kom frå Papirindustriarbeidarforbundet om at den ulovlege overtidsmisbruken måtte bort. Da fann

fagforeininga i Follaoss ut at det var mye misbruk der òg. Men ingenting tyder på at ho vedtok å gjere noe meir konkret for å rå bot med det. På fleire måtar sto fagorganisasjon og leiing no saman om legge til rette for alt som kunne bidra til å auke produksjonen.

Finare forhold i fabrikken

I same periode skjedde det også forandringar i sliperiet som gjorde det trivelegare å vere meir på jobb. Ikkje berre vart fleire oppgåver i fabrikken lettare å greie fysisk. Arbeidet vart også utført i finare omgivnader. Dette var forbetringar som hadde skjedd gradvis også før, særleg frå 1930-åra. Da vart det for eksempel tatt opp som problem at det var for



Her ser vi Gudmund Haugland handmata slipeapparata med kubb med fangskinnnet til vern mot vatnet og skiten.
Frå Södra Cell Folla AS si bildesamling.

mye griseri på spisesalen. Fagforeininga følgde opp og ba alle vere meir reinslege. Litt seinare foreslo ho å kjøpe nye møblar i spisesalen så alle kunne sitte skikkeleg. Og salen burde settast betre i stand.

Slike forhold vart det fokusert meir på etter at det vart vedtatt ein ny arbeidarvernlov i 1936 (forløpar for vår tids arbeidsmiljølov). Same år vart organisasjonen Vern og Velferd danna. Straks sliperiet i Follafoss var sett i drift igjen frå 1945, tok sliperiarbeidarforeininga opp engasjementet sitt på dette feltet. Og ho delte ut til medlemene ein brosjyre om «Sunnhet, trygghet og trivsel», som var laga av Vern og Velferd. I 1953 vart det danna distriktsavdeling av denne organisasjonen for Trøndelag og Møre. No vart vernearbeidet institusjonalisert også i fabrikkane. I sliperiet i Follafoss vart det vald verneombod og danna eigne verneutval for dei tilsette. Og enda viktigare: No skjedde det fleire forbetringerar i det fysiske arbeidsmiljøet.

Eit par eksempel: i 1946 vart ei ny kollerkværn (ei maskin som malte sund den flytande tremassen) plassert i eit rom utanfor sjølve maskinsalen i sliperiet fordi ho bråka så følt. I 1948 påpeikte fagforeningsformann Petter Strøm at det var berre eitt klosett i sjølve produksjonshallen i sliperiet, og at reinhaldet av klosettet i verkstaden var for dårlig. Direktøren svarte straks at leiinga hadde planar for både nye klosett og andre liknande tiltak.

Fagforeininga gjorde verne- og velferdsspørsmål til tema også i tariffoppgjera. I 1947 kravde sliperiarbeidarforeininga i Follafoss støvlar, regnfrakkar og arbeidshanskar for arbeidarane i tømmerhamna (der tømmeret låg i sjøen før det vart kappa til kubb og transportert inn i fabrikken), og «vareklær» (fangskinn) til dei som sto i vassølet og lempa trekubb på kubbloftet (der den kappa kubben vart lempa inn i slipeapparata – sjå bildet nedanfor). Etter kvart kom det også gratis kjeldressar, først og fremst for verkstadfolket, men snart også for andre. Frå fleire avdelingar i sliperiet vart det reist krav om «smusstillegg». Noe som før hadde vore normalt i arbeidet i ein slik fabrikk, nemleg å bli skitten,

var enno noe ein måtte rekne med, men da burde det altså betalast ekstra, meinte fagforeininga. Det i seg sjølv tyder på ei forandring i haldninga til kva forhold ein skulle godta og ikkje i arbeidet i ein slik fabrikk.

Samtidig var det ein tilvendingsprosess for kroppsarbeidarar å skulle tenke på å ha det «fint» omkring seg. Av og til oppsto det irritasjon fordi leiinga ikkje fekk arbeidarane til å ta dette alvorleg nok. Det gjorde at tillitsmennene kom i ei rolle som ordensvakter overfor arbeidarane: I 1956 lovte formannen i sliperiarbeidarforeininga å «formane» arbeidarane om å handtere dei nyoppussa lokalitetane og utstyret i fabrikken «med forsiktighet». På eit møte i produksjonsutsvalet (samarbeidsorgan for arbeidarar og leiing som var oppretta etter 1945) foreslo han at det kunne veljast ein mann for kvart skiftet til å passe på. Leiinga likte idéen og let fagforeininga ta seg av det. I kontrast til fagforeininga si positive haldning kom likevel ein stor del av arbeidarane til å stille seg passive og skeptiske til ein del av dette nye. Kor «fint» var det nødvendig å ha det på ein slik arbeidsplass?

Ei anna forandring som var uvant, var å vaske seg og skifte klede på fabrikken når arbeidsdagen var over. I Follafoss var vegen mellom heim og jobb kort for dei fleste. Så ikkje alle nytta seg av tilbodet når det vart lagt til rette for å skifte av seg arbeidshabitten før dei gjekk heim. Dette vedkom også andre enn arbeidarane sjølve. Tidlegare hadde konene sin kontakt med fabrikkarbeidet i stor grad vore at dei fekk mennene heim til mat og kvile etter arbeidstida (tidlegare også i middagspausen), i arbeidskleda og ofte skitne og blaute. Konene tok seg av både karane og kleda. Det er vanskeleg å seie om dei noen gong såg det som eit slags ubetalt arbeid for sliperiet. Men i 1940 engasjerte noen av kvinnene i Follafoss seg for å få ei endring. Arbeidarlaget si Kvinnegruppe ville ha bedrifa til å ordne med garderobeskåp og ei vaskeordning for arbeidarane. Utover 1950-åra vart det gradvis realisert. I 1957 sette verkstadarbeidarane også fram ønske om klesskåp, ein til kvar



Vegen gjennom fabrikken. Riksvegen gjekk her fram til 1950-talet. Frå Södra Cell Folla AS si bildesamling.

arbeidar, i vaskerommet. Nesten samtidig ba dei bedrifa kjøpe ei vaskemaskin så dei kunne vaske arbeidskleda sine i fabrikken utan å ta dei med heim. Og det vart gjort.

På eitt vis var dette tiltak som markerte nye skilje mellom livet i fabrikken og samfunnet omkring. Ei anna forandring som bidrog til det same, var ei ny avstenging av fabrikken for ferdsel for dei som ikkje arbeidde der. I Follafoss hadde det frå gammalt av gått ein offentleg veg gjennom sliperiet. No vart den flytta utanom fabrikkområdet. Og i 1957 vedtok styret i bedrifa å gjerde inn fabrikkområdet.

Ei ny avgrensing mellom arbeid og ikkje-arbeid skjedde på eit vis også innanfor fabrikkveggane, ved at det vart etablert fleire eigne «arbeidsfrie rom» i fabrikken, nye rom som vart definerte som garderobar, spisebrakker og spisesal. Her kunne ein ete, røyke og prate uforstyrra av maskiner og arbeid (røyking i desse romma vart enno på denne tida ikkje sett som noe problem, bortsett frå der ein kunne peike på brannfare). Her vart det lagt ekstra vekt på å gjere forholda fine og trivelege, med minst mulig støy og skit frå arbeid

og produksjon. Her fekk ein skikkelege stolar til alle å sitte på, og eigne bord, med lakka plate og etter kvart respatex, til å ete maten sin på.

Sjølv om arbeidarane fekk lettare og finare arbeidsforhold, var mye av det arbeidarane gjorde, enno klårt åtskilt frå kontorfolket. I 1956 ville direktøren i Follafoss ha slutt på «trafikken» gjennom eit nytt kontor- og velferdsbygg, av reparatørar og andre som ofte tok vegen gjennom der «under arbeidsutførelse i sliperiet». Det nye kontorbygget vart lagt utanfor sjølve fabrikklokalet. Fleire år seinare vart det laga eit spiserom felles for verkstadfolk og funksjonærar. Men da vart verkstadarbeidarane nekta å sitte på stolar der funksjonærane skulle sitte. Om dette fortalte ein arbeidar mange år seinare: «Vi sa vi nekta å gå dit om det var så fint.

Flyfoto over Follafoss teke på 1950-talet. Vi ser at Flata er under utbygging.
Frå Södra Cell Folla AS si bildesamling.



Vi hadde ikkje spisetid samtidig (med funksjonærane), så det var berre at det kunne bli skit på seta. Etter den diskusjonen vart det ordna med eige spiserom for verkstadfolket i sjølve sliperibygget.

Slik sett var 1950-åra ei kulturell brytingstid i det industrielle arbeidslivet. På den eine sida opplevde dei typiske arbeidargruppene fleire forandringer i arbeidet som gjorde at dei fekk det lettare og finare. Noen av desse forandringsane gjorde at gamle skilje mellom arbeidarane og andre som enno sto over dei, vart mindre tydelege, og mindre sjølvsagte. Samtidig vart dei (dermed) kanskje viktigare å markere i kvardagen. Sosiale forskjellar kan på eitt vis ha vorte mindre, men samtidig også viktigare, for framleis var vel ein arbeidar ein arbeidar? Om ein fekk lov til å ete matpakka si i same rom som kontorfolk, var det noe nytt, men det gjorde ikkje utan vidare forskjellane uviktige. Kanskje heller tvert i mot, fordi det da vart aktuelt å vise på nye måtar kven ein hørte til – og ikkje?

Husbygging

På industristader som Follafoss førte 1950-åra med seg vekst og framgang ikkje berre for bedrift og arbeidarar, men for heile lokalsamfunnet. I mange slike miljø hadde delar av infrastrukturen grodd fram sakte og hengande etter bygginga av fabrikken og det som hørte den til. Og noen tiltak og institusjonar kom skikkeleg på plass først når konjunkturane vart gode. I 1950-åra var dei det. I Follafoss merka folk det på at fleire verksemder og institusjonar i lokalsamfunnet rundt bedrifta vart styrka. Og dei som alt var etablerte, vart no meir velståande.

For bedrifta vart dette no både viktigare og lettare å vere med på å støtte. Arbeidsmarknaden var no snudd slik at bedriftene måtte gjere meir aktivt enn før for å halde på arbeidsfolket. Og høgkonjunkturen ga overskott til å gjere det ikkje berre i form av gode arbeidsvilkår, men med tiltak på fleire plan for lokalsamfunnet. I Follafoss gjekk dette

delvis som skatt via kommunen. Men mye kom òg som støtte direkte frå bedrifta.

Eit felt kor dette viste seg tydeleg, var bustadbygginga. Mange arbeidarar i Follafoss hadde venta lenge med å skaffe seg eigne hus, blant anna fordi dei mangla fast og stabilt arbeid. Når dette no vart annleis, sat bedrifta med viktige nøklar til ei forandring også i hussørsmålet. Ho eigde mange av dei husa som fanst frå før, og det meste av tomteareala på staden. I 1946 selde bedrifta unna noen av dei gamle arbeidarbustadene som ho hadde bygd dei første åra. Det varsla ei ny tid. Men husa vart ikkje billige, tykte arbeidarane. Bedrifta heldt oppre prisnivå og arbeidarane klaga. Fagforeininga gjekk no på for å få bedrifta til både å reise fleire arbeidarbustadar, sette i stand dei gamle, og hjelpe folk med å bygge sjølve. Og leiinga vart med på å sette opp ei prioriteringsliste for å reparere dei husa bedrifta alt hadde. Det vart laga kjellarar under gamle hus, sett opp murpiper, innreia matkjellarar, bygd størhus, lagt inn klosett og greve kloakkar, sett inn dobbelte vindauge og isolert veggar. Samtidig grov, støypte, snekkerte og bygde arbeidarane mye på eiga hand. Den som ville ta eit tak for å hjelpe til, var ettertrakta i denne tida. Og all hjelp og stønad frå bedrifta kom godt med.

I staden for at bedrifta bygde fleire eigne arbeidarbustader, vart ho no meir enn før aktivt med på å hjelpe arbeidarane til å bygge sjølve. Her vart fagforeininga ein pådrivar. I 1950 heldt ho eit ope boligmøte der direktøren og ordføraren var til stades. Ei felles nemnd vart sett ned. På den store sletta på den andre sida av elva forbi fabrikken fanst det tomter. Men tildelinga av byggeløyve var sterkt rasjonert fordi det mangla materialar under gjenreisinga. Her skjedde enda ei kopling mellom høgkonjunkturen, bedriftas trøng til å auke arbeidsinnsatsen, og arbeidarane sin velferd. Da regjeringa i 1951 innførte ei ordning med å love ekstra byggeløyve til arbeidarar som var med på å auke produksjonen på sin arbeidsplass ved å arbeide ekstra overtid, vart sliperiet halde i gang ekstra fleire helger for å skaffe

slike løyve. Dei vart fordele ved trekning blant fagforeningsmedlemer som hadde byggeplanar. Så langt skjedde mye gjennom fagforeininga. Og til sjølve bygginga sputta bedrifta no raust i.

Etter at garden Lillefolla, der mange arbeidarar hadde budd tidlegare, brann ned under krigen, sat bedrifta på ein stor forsikringssum. Den vedtok ho i 1950 å dele ut til arbeidarar som ville bygge. Dei fekk utdelt pengesummar så store som ti prosent av byggekostnaden. Prosenten var enda større om ein ser det i forhold til det dei fekk i banklån. Mange fekk òg støtte til å sette i stand eldre hus. I tillegg forskotterte bedrifta for lån slik at bygging kunne komme fortare i gang.

Pengestøtta fekk ein etter søknad til bedriftsleiinga med vedlagte byggeplanar og kostnadsoverslag. Tildelingane skjedde likevel ikkje etter noen bestemt avtale, og heller ikkje etter skrivne reglar. Kvar og ein som bygde, måtte be om å få støtte, og i prinsippet underkaste seg leiinga si

individuelle vurdering. Til støtta var det ikkje hefta strenge vilkår. Dei som fekk løyve og støtte til å bygge eige hus, trong ikkje binde seg skriftleg til å bli verande på sliperiet for å få pengane. Pengane vart betalt ut når ein kunne vise ferdigattest på huset. Mange fekk da god råd til å kjøpe også møblar. Det store løftet dette innebar, festa seg i minnet hos arbeidarane som teikn på velmeint og god leiing. Kva kan dette ha betydd for ein arbeidar? Og kvifor stilte ikkje bedrifta strengare krav til dei som fekk støtte, om å binde seg til varig arbeid i sliperiet?

For å forstå dette kan det vere nyttig å tenke over noen sosiale mekanismar som ofte har prega forholdet mellom levebrød og bustad for arbeidsfolk. Trongen til å eige det huset ein budde i, har for mange gjerne gått parallelt med ein trong til å «eige» eit fast levebrød på den staden der

*Flyfoto over Folla i 1999.
Frå Södra Cell Folla AS si bildesamling.*



huset låg – i alle fall til bilen i 1960-åra kom og gjorde dette noe mindre viktig. I tidlegare brukssamfunn hang hus for arbeidsfolk gjerne saman med jord. Å ha jord som husmann eller leiglending, ga kjensle av «rett» framfor konkurrentar også til arbeid hos bruksherren, utan at ein eigde verken jorda eller huset. Bruksherren slapp å uroe seg for at arbeidsfolket svalt i krisetider, og han var sikra arbeidsfolk når han trong det. For arbeidaren ga tilgangen til litt jord både mat og noe å arbeide med som i alle fall delvis låg utanfor bruksherren sin kommando. I det låg noe fritt innanfor det elles nokså ufrie i husmannssamfunnet.

Å ha sjølveigde hus i fabrikksamfunn som Follafoss på 1950-talet var på fleire vis annleis enn for husmannen, attåt sjølv sagt ein husstandard så forskjellig som natt og dag. Dei som bygde seg hus på fabrikkstaden, vart ikkje bundne til «bruket» av noen «husmannskontrakt» som ga rett til utkasting om dei slutta i jobben på sliperiet. Men medan jord for husmenn ga noe å leve av i tider med lite arbeid, var det vanskeleg å greie seg med berre eit hus. I dette låg i det minste noe ufrift i det elles frie ved det å ha sitt eige hus på ein einsidig industristad. Den som budde i bedrifta sine hus, var meir bunde rettsleg, men samtidig på eitt vis friare til å dra sin veg. Sjølveige hus var ein ny fridom. Men for sliperiarbeidarar på ein stad som Follafoss var det sjøveigde huset også noe som batt dei enda sterkare til å halde fast ved jobben, fordi huset og verdien av det var avhengig av at ein hadde jobb på fabrikken. På liknande vis som det å leige jord i eit brukssamfunn, bidrog det å eige hus i sliperisamfunnet Follafoss til å knyte arbeidaren til både staden, jobben og bedrifta. Nøkkelen til at dette bandet verka som det gjorde, låg i at det fanst minimalt med tilbod om andre levebrød på staden. Å slutte på sliperiet innebar for dei fleste å måtte flytte bort frå Follafoss. Og viss så skjedde, vart det huset ein hadde fått støtte til å bygge, ståande att. Det kunne kjøpast av andre som begynte på sliperiet, eller som på eit eller anna vis skulle gjera nytte for seg på sliperistaden.

Slik sett var byggehjelpa i Follafoss, som andre velferdsytigar frå bedrifta, eigentleg ei viktig investering i staden og lokalsamfunnet, som skapte band mellom arbeidar, stad og bedrift. Kanskje er dette også ein av grunnane til at skogsarbeidarar som arbeidde i sliperiet sine skogar, ser ut til å ha hatt vanskelegare for å få hjelp frå bedrifta til å bygge seg hus. Dei arbeidde for bedrifta som dei andre, men dei budde som oftast langt utanfor den tettstaden nær sliperiet, kor nesten all bustadbygging kunne sjåast som eit sikkert varig gode for sliperiet.

For dei som var fast tilsette på sliperiet, i ei bedrift som i så stor grad var den einaste store arbeidsplassen i bygda, var det å høre til «sliperifolket» i stor grad samanfallande med å vere «Follabygg». For dette «folket» var sliperiet på fleire måtar ein plass å hente ikkje berre lønn for utført arbeid, men hjelp, støtte og sosiale gode når det trøngst på mange plan. Bedrifta var her eit stykke på veg ein slags «lokal velferdsstat» – når ho gjekk så godt som i 1950-åra.

I forlenginga av dette temaet kan det nemnast ein annan skikk som ikkje nødvendigvis handla om store ressursar, men som i små drypp kan ha bidrige til å knyte band mellom bedrift, arbeidar, hushald og lokalsamfunn. I Follafoss skal det etter krigen ha vore utbreidd at arbeidarane «produserte» ting til private formål i fabrikken. På verkstaden vart det konstruert og laga hobby- og hushaldningsutstyr. Det skjedde etter arbeidstida (men neppe berre da). Ei arbeidarhusmor fortel at ein av arbeidskameratane til mannen hennar var ein «meister til å lage vaskemaskiner». Elles laga dei brødboksa og anna kjøkkenutstyr, tørkestativ, vedssager, trillebårer, akvarium, rattkjelkar og sparkstøtingar, og ulike redskapar og fritidsutstyr. Verkstadarbeidarane sto her for det meste, men også skiftfolk hjelpte til med å legge til rette med blant anna materialar, som kunne hentast ut på ulike plassar i produksjonen. Denne verksemda kan på den eine sida tolkast som ei slags privatisering av den enkelte arbeidaren si verksemd i fabrikken. Samtidig verka det til å kople livet i fabrikken i hop


med livet utanfor på måtar som ga bedrifta trekk av å vera ein slags allmenningsressurs for lokalsamfunnet. Enda ein gong vart fabrikken ein stad ein kunne få gjort ymse tener, og hente seg goder, om ein berre hørte til i miljøet, og var ein av «sliperifolket».

Velferd i lokalsamfunnet

Det finst fleire eksempel som kan samanliknast med det vi i dag tenker på som velferdsstaten sine oppgåver: i 1930-åra hadde bedriftsleiinga i Follafoss nekta å gi pengestøtte til arbeidarane sin sjuke- og hjelpekasse. I 1947 ga ho for første gong ein sum. Men ho vegra seg mot å binde seg til årlege bidrag. Her òg vart eit velferdstiltak styrka etter ein handel mellom ei sterkt fagforeining og ei bedriftsleiing med mye pengar. Leiinga ga støtte, men passa seg for å la det bli noe fagforeininga hadde fast krav på. Fagrørsla såg det eigentleg som bedriftene si sak å yte arbeidarane lønn under sjukdom. LO tok det opp med regjeringa. Og sliperiarbeidarforeininga tok det med i sitt tariffkrav frå 1949. Sliperileiinga avviste det, men i staden gjekk ho no etter kvart med på å love årlege bidrag til sjuke- og hjelpekassen.

Alderspensjon for sliperiarbeidarane hadde vore diskutert i 1930-åra, utan at ein fekk bedrifta med på å støtte varige ordningar. Det kom først etter krigen (den første offentlege alderstrygda vart lovfesta i 1936, men der var summane små). Da sliperileiinga i 1946 sa opp alle som hadde passert 70 år, reiste fagforeininga pensjonskravet på ny. I påvente av at leiinga kom med eit tilbod, ga foreininga ein sum frå eigen kasse til dei gamle som vart utan arbeid. Men i 1948 gjekk leiinga i gang med å planlegge ein pensjonskasse. I 1950 vart den sett i gang, med grunnfond og årlege tilskot frå bedrifta og medlemsavgift frå arbeidarane.

I motsetning til sjuke- og hjelpekassen vart den nye pensjonsordninga etablert i regi av bedrifta. Ho sto også for innkalling til stiftingsmøtet. Arbeidarane måtte melde frå til arbeidsformennene sine om dei ville vera med. I styret for



Follafoss kapell. Foto: Torbjørn Millerjord 2008.

kassen fekk arbeidarane ein representant vald av eit medlemsmøte, attåt ein frå styret til bedrifta, og så direktøren. Han var formann så lenge kassen var i bruk.

Sosiale hjelpe tiltak i regi av bedrifter var slett ikkje nytt. Heilt sidan slutten av 1800-talet hadde mange bedriftsleiarar gjort det til del av sin politikk å yte sosiale gode til arbeidarane for å hindre at dei hamna i sosial naud om dei vart sjuke, skadde eller gamle. På den tida var dette del av ein paternalistisk leiarstil, som bygde på det prinsippet at

godene vart delte ut ikkje etter krav, men av sjefen (pater) sin gode vilje. Den nye pensjonskassen i Follafoss skilde seg frå det vi forbind med paternalisme på eit viktig punkt: Sjølv om fagforeininga eigentleg ikkje hadde noe med den nye pensjonsordninga å gjere, kom tiltaket i gang etter at fagorganisasjonen hadde pressa på, og dels halde i gang eigne pensjonsordningar før. Dessutan: sjølv om bedrifta og direktøren styrte tiltaket, vart det organisert etter klare reglar. Her fanst ikkje rom for personlege vilkår. Kor vidt ein skulle få pensjon var ikkje avhengig av eit godt forhold til ein velmeint paternalistisk direktør.

Fagforeininga var slik sett ein viktig pådrivar for å få ut gode frå bedrifta, og for å pløye noe av utbyttet av dei gode åra inn i lokalsamfunn og arbeidarvelferd. Fagforeininga gjorde seg også til vakthaldar for å sikre det ho såg som rettferd i fordelinga av velferdsgoda. Fleire eksempel viser dette. Da leiinga i Follafoss i 1953 nekta koner og ungar til arbeidarane å bruke det nye badet som nettopp var bygd i tilknyting til fabrikken, protesterte fagforeininga. Det var urimeleg at familien til dei tilsette skulle måtte betale for å få bade seg i fabrikken, heitte det.

Samtidig sto fagorganisasjonen på for å få bedrifta med på å bruke pengar på å ruste opp fleire tiltak som ikkje var retta direkte mot dei tilsette, men mot heile lokalsamfunnet. Det kanskje tydelegaste eksempelet på dette var samvirkelaget. I 1951 opna det eit heilt nytt forretningsbygg med kafé i andre etasjen. Det tykte folk var flott. Enno på 1960-talet verka denne butikken heilt overveldande fin, det fortel ein som da flytta til Follafoss og som sjølv hadde arbeidd på eit samvirkelag ein annan stad. På fleire område vart tiltak for lokalsamfunnet rusta opp med pengar frå bedrifta. Same kor mye finansieringa vart utløyst i forhandling mellom bedrift og fagforeining, framsto det som kom ut av det, meir som gode som gjaldt felles, og for alle i lokalsamfunnet.

I 1952 ga sliperiet ein stor sum til barnehage. «*Saken som er tatt opp av Verran sokneråd har vunnet stor tilslutning og*

forståelse blant arbeiderne i Follafoss», meinte leiinga. Som kommentar til vedtaket heitte det at «*Det anses å være av betydning at Folla i likhet med andre bedrifter deltar i omkostningene i forbindelse med gjennomføringen av forskjellige velferdstiltak på bedriftsstedet*».

Av same grunn sette bedrifta no av ein stor sum til nytt samfunnshus på staden. Men det vart bygd først mange år seinare. Inntil vidare støtta bedrifta utbetring av sceneloftet på Folkets Hus slik at Riksteateret kunne komme på besøk. Slik vart eit forsamlingslokale som frå før hadde vore arbeidarrørla sitt eige (Folkets Hus var bygd av arbeidarrørla i 1924), gjort litt meir ikkje berre til spleislag med bedrifta, men til fellesøige for heile lokalsamfunnet.

Det som truleg står att i Follafoss som det tydelegaste varige teiknet på kor mye bedrifta gjorde for staden i 1950-åra, er kyrkja. Direktør Alf Matzinger var «litt religiøs», fortel ein av arbeidarane. «*Dessutan var han mot at pengane skulle bli tekne bort frå Folla*», har ein annan arbeidar fortalt. I 1953 fekk direktøren styret med på å bevilge 50 000 kroner til kyrkjebrygg og 10 000 til orgel. Samtidig sørga han for å ha såpass mange tilsette i dagarbeidsgjengen ved sliperiet at noen av dei kunne brukast til å arbeide med kyrkja, og det i arbeidstida. Folk frå arbeidsstokken ved sliperiet vart brukt til å omarbeide terrenget omkring kyrkja. Til sjølve bygget vart eit firma brukta. Men ein av snekkarane fortel at han og ein til arbeidde ein heil vinter i kyrkja, medan dei var lønna som tilsette i sliperiet. Dei laga stolane. Ein elektrikar har fortalt at han installerte i kyrkja i arbeidstida. Smeden på sliperiet smidde stendarane til alterringen. Og ein verkstadarbeidar hugsa lenge at han var med og sveisa ein bærebjelke oppunder taket.

Eit eksempel til må nemnast: Alt i 1920-åra hadde sliperiarbeidarforeininga vore ute etter å skaffe seg ein ferieheim. I 1952 vart spørsmålet teke opp på ny. Året etter fekk foreininga Grubedalen, ei hytte ved det store fjellvatnet Holden, i gave frå bedrifta - vel å merke til fagforeininga. Ho svarte med takkeskriv til direktøren - på vegne av

arbeidarane. Betydninga av ferieheimen som kombinert fagforeiningstiltak og velmeint gav frå bedrifta kom fram også da foreininga seinare ba leiinga om pengar og tommer til å sette i stand huset, og da bedrifta raust gav fire robåtar i gavetil hytta.

I forhold til det vi veit om både tidlegare og seinare måtar å yte sosial velferd på, er det interessant å tenke over korleis slike velferdsgode i 1950-åra flaut på fleire måtar frå ein fabrikk som gjekk godt, til både arbeidarar og lokalsamfunn. Det skjedde delvis etter forhandling kor ein godt organisiert arbeidsstokk utnytta oppgangstida til å stille krav. Og delvis skjedde det på måtar som stadfesta inntrykket av ei velmeint og paternalistisk leiing. Dette etterlet seg minne om ei leiing som gav ikkje berre av overflod, og etter kрав, men av god vilje. Og det hende at fagforeininga var med på styrke dette inntrykket av godvilje og takk, meir enn forhandling.

Under krigen hadde bedrifta delt ut eit lite julegratiale til dei tilsette, men da som ei slags nødhjelp fordi produksjonen sto og mange hadde lite å greie seg med. I 1952 vart ordninga med gratiale tatt opp igjen, men på ein ny måte,

som «en honør for det gode driftsresultat». Fagforeininga svarte med takkeskriv. Heile resten av 1950-talet fekk arbeidarane gratiale til kvar jul og før noen sommarferiar.

Gjennom mye av denne måten å fordele sosiale gode på, vart fagforeining og bedrift filtra meir i hop enn før. Det skjedde også når fagforeininga og bedrifta vart einige om å kjøre fabrikken ekstra i helger for å nytte godt av det gode tremassesælet. Sjølv om det i utgangspunktet skjedde fordi bedrifta ivra etter å auke produksjonen, kunne det også av og til få eit visst preg av dugnadsinnsats for felles lokal velferd. For eksempel var det ikkje uvanleg at frivillige foreiningar og institusjonar i bygda sjølv «søkte» om å få bedrifta til å sette i gang ei ekstrakjøring av sliperiet til inntekt for bestemte lokale formål. All slik kjøring ut over ordinær arbeidstid måtte godkjennast av fagforeininga. Men sjølv om ho sa ja, var det frivillig for kvar enkelt arbeidar å delta. Det måtte vera med ein viss del vante arbeidarar for å få det til å gå forsvarleg. Ofte sto den institusjonen eller tiltaket som trøng pengane, sjølv for å verve folk til kjøringa. Når det vart sendt rundt lister, meldte det seg ofte fleire på kvart skiftet enn det som var vanleg mannskap til vanleg. «Folk var ivrige», seier ein arbeidar som hugsa dette.



Frå bedriftas 50-årsjubileumstilstelling i 1951, på Grand Hotell i Steinkjer. Frå Södra Cell Folla AS si bildesamling.

Fagorganisasjon og paternalisme

Mye av det som skjedde av ressursfordeling som bedrift, fagforeining og arbeidarar var involverte i, viser korleis bedrifta i 1950-åra vart meir «til stades» i livet på staden. Det kan høyst ut som eit paradoks at dette skjedde på måtar som styrka både fagorganisasjonen og inntrykket av ei godmeint og paternalistisk leiing. Paternalisme blir elles gjerne sett som ein leiarstil som i tidleg industri sto i klår konflikt med tankar om fagorganisering, forhandling og hevding av kollektiv rettferd. Den klassiske paternalisten styrte helst som ein «streg men snill» og dermed faderleg herre, og han likte ikkje å bli møtt med organiserte krav.

Om direktør Matzinger i Follafoss vart det fortalt mye

som stadfesta eit bilde ikkje berre av godmeint, men også autoritær, sjef. Han var ein leiar mange sliperiarbeidaranar kom til å hugse som fjern og streng. Fleire episodar tyder også på at han vart oppfatta som nokså eigenrådig. Men så kunne han altså bruke sitt herredømme også til å bestemme mye som var «bra for Follafoss». Og det folk hugsar om det, handlar om at han brukte si makt til å ta individuelle beslutningar om å yte hjelp både til arbeidaranar og lokalsamfunn.

Eit eksempel som viser dette, handlar om den hjelpa arbeidarane fekk til å bygge hus. Ein ting var at arbeidarane fekk kjøpe tømmer rimeleg frå sliperiet sine skogar. Til å frakte det til og frå saging fekk dei hjelp av bedrifta sine lastebilar. Også dette ser ut til å ha vore noe ein bortimot kunne rekne med når ein skulle bygge, utan at det gjaldt skrivne reglar for det. Det heitte at ein skulle betale drivstoffet til kjøringa. Men ein arbeidar fortel at han ikkje hørte noe meir om det, etter at han hadde nyttat seg av tilboden. Det gjer at han hugsa det som ei godvillig gav frå leiinga. Ein annan som bygde kring 1960 og spurte om å få låne bil til tømmeret, fekk til svar frå sliperimeisteren at det heretter skulle bli slutt på det. Da gjekk arbeidaren til direktøren, og fekk eit anna svar:

Han «sette auga i meg og sa at eg skulle få tak i to bilar og kjøre tømmeret på saga i kveld. Eg gjorde det. Dagen etter kalte han meg ut og spurte om eg hadde fått tømmeret på saga. Ja. «Ta de samme bilene og kjør de samme materialene hjem med», sa han. Eg følte meg da eg fekk slik tillit hos direktøren (...). Han hadde makt over sliperimeisteren. Ja, når han hadde sagt det, så gjaldt det», seier arbeidaren.

Dette passer godt inn i eit utbreidd bilde av 1950-åras direktør som ein leiar med paternalistiske trekk: streng og av og til autoritær, men med evne til å bruke sin autoritet også for ein arbeidar, når han bestemte seg for det. Fleire gamle arbeidaranar som eg intervjuja i 1980-åra, stadfesta dette

inntrykket av direktøren: «*Matzinger lovte oss betre hus, og vi fekk det. Det var godt gjort av ein direktør det. Hadde han lovt noe, så heldt han det. Det var ei av hans gode sider*», fortalte ein. Ein annan sa det same, og føydde til at «*hadde han sagt nei, så var det ikkje meir å snakke om*».

Det interessante er at det her ser ut til at ein slik leiartype fungerte godt saman med ei sterk fagforeining. I Follafoss var det ikkje nytt at fagforeininga sto sterkt. Lenge hadde det her vore slik at dei som begynte på sliperiet, måtte melde seg inn i sliperiarbeidarforeininga om dei skulle bli akseptert som kollegaer. I 1948 fekk foreininga bedrifta med på å tariffeste at tilsettingar i fast stilling skulle skje etter konferanse med tillitsmennene. Samtidig regulerte foreininga opptaket av nye medlemer på ein måte som i praksis styrte kven som kunne få jobb på sliperiet. Ein som kom utanbygds frå i 1955, hugsa lenge etterpå at han den første tida vart nekta opptak i foreininga: «*Formannen var livandes redd for at utanbygdes skulle ta arbeid frå Follabyggen*», seier han. Men etter ei tid i midlertidige jobbar kom han seg inn både i foreininga og i fast jobb.


I 1956 gjekk leiinga med på å ta inn att i tariffavtalen ei formulering som hadde vore vedtatt også ei tid omkring 1920, om at berre organiserte arbeidaranar skulle få fast jobb i sliperiet. Sjølv om foreininga enno var opptatt av at ikkje utanbygdes folk måtte fortrenge Follabygg ved faste tilsettingar, hadde foreininga no mindre problem enn før med å la folk utanfrå komme inn. Omsynet til eigne søner som gjekk arbeidslause i Follafoss, var ikkje så aktuelt lenger, for no fekk alle jobb.

Når leiinga no gjekk med på dette, var det fleire grunnar til det. Ho hadde lenge lært å takle det at så å seie alle arbeidaranar var organiserte. Etter kvart såg kanskje også bedrifta fordelar med det, fordi fagforeininga sto for ro og orden. No hende det faktisk at leiinga bad misnøgde arbeidaranar heller gå på møta i foreininga enn å hisse seg opp over avtalte arbeidsvilkår. I gode tider kor bedrifta ikkje lenger hadde ein kø av ledige arbeidaranar å velje i, var det

sjølvsgart også lettare for kvar enkelt arbeidar å stille krav på eiga hand. Da kunne fagforeininga brukast ikkje berre til å forhandle fram gode avtalar, men også til å dempe dei som ville ha betre vilkår enn det som var avtalt. Slik kunne gode

konjunkturar også skape forhold som gjorde bedriftsleiinga interessert i å samarbeide med ei sterkt fagforeining.

Eit moment til kan ha telt med her: den fagforeininga som i 1950-åra fekk ein slik garanti om «berre organiserte



Styret i sliperiarbeiderforeninga tidlig på 1950-talet. Fremst frå venstre: Gustav Grindberg, Petter Strøm, Leif Svendsen, Magne Overrein. Bak frå venstre: Torberg Vikan, Harald Nygård og Kristian Kristiansen. Frå Södra Cell Folla AS si bildesamling.

arbeidarar», var ikkje som i 1920-åra del av ei radikal arbeidarrørsle. No var fagforeininga ein fredeleg og påliteleg motpart, med tillitsmenn som samarbeidde, imellom at ho kunne hevde sterke krav. Den freds- og ordensskapande effekten av ei sterk fagforeining var altså sterkare enn før. Og ingenting tyder på at bedriftsleiringa i Follafoss prøvde å fjerne den skrivne regelen om berre organiserte arbeidarar – det skjedde ikkje før bedrifa i 1969 gjekk inn i arbeidsgivarforeininga, som var bunde av nasjonale avtalar kor ei slik organisasjonsplikt ikkje var tillate.

Fagforeininga i Follafoss var altså sterk. På eit medlemsmøte i sliperiarbeidarforeininga i 1950 vart det skrytt av at ho med sine 151 medlemer hadde hundre prosent oppslutning. Likevel hendte det enno av og til at sliperiarbeidarforeininga i Follafoss måtte ta ein runde i bedrifa for å undersøke «hvem som er uorganisert», og be dei ordne seg. Frå 1956 forplikta leiinga seg altså til å hjelpe foreininga med å passe på at alle let seg organisere. Direktør Matzinger ser ut til å ha oppfylt sin del av den jobben. Det hendte at han sjølv personleg gjekk på arbeidarar som ikkje ville stå i fagforeininga. Ein som fortalte om dette mange år seinare, hugsa at han sjølv var med foreningsformannen opp på kontoret til direktøren for å få hjelp til å få to nye til å melde seg inn i foreininga. Matzinger skal da ha svart at «*han ikkje la seg så mye borti organisasjonen, men har de problem, så skal eg kalle inn vedkommande, og seie at han enten har å organisere seg, eller slutte. Direktøren var så reinhårig, ville ikke ha noe ufred på arbeidsplassen*». Slik hugsa den gamle arbeidaren det i eit intervju i 1980-åra.

I 1950-åras Follafoss sto altså paternalistisk og autoritær leiarstil og sterk fagorganisasjon ikkje i vegen for kvarandre. Tvert imot. Sosiale tiltak vart tilført smak og farge både av godmeinte gåver og vellykka fagforeningskrav. Til forskjell fra klassisk paternalisme, som vi er vande med å sjå som nokså uforeineleg med fagorganisering, krav og forhandling, ser vi at ein fullt utvikla og sterk fagorganisasjon i Follafoss på 1950-talet fekk vern frå ein sjef som på si side dermed kunne styrke sitt håp om å få utøve makta si utan bråk, og som vart hugsa både som streng og velmeint.

Slik kan ein kanskje seie at i desse gode åra vart fagorganisasjonen viktigare enn tidlegare ikkje berre for å sikre medlemmene del i godene, men for å sikre bedrifa sin sosial orden? Fagorganisasjonen skaffa arbeidarane viktige gode og gjorde sitt for å få dei same arbeidarane til å innordne seg det som gjaldt av sosiale reglar. Fagforeininga rokka ikkje ved den strenge og autoritære direktøren sin leiarstil. Samtidig rokka ikkje han ved fagforeininga sin sosiale kontroll.

Mye av det som heldt denne orden saman, den sterke fagforeininga, den paternalistiske direktøren og dei gode tidene som ga dei begge mye å spele på, vart borte eller svekka i 1960-åra. Men det er ei anna historie – som det ikkje er plass til å gå inn på her. Tida før og etter 1950-åra står det meir om i ei avhandling som det her berre er gitt noen smakebitar frå.

Artikkelen bygger på materiale frå forfattaren si doktoravhandling:

Ingar Kaldal: *Arbeid og miljø ved Follafoss Tresliperi og Ranheim Papirfabrikk 1920-1970*. Historisk Instituttets skriftsserie 3/1994.

Avhandlinga kan enno skaffast ved å kontakte forfattaren: ingar.kaldal@ntnu.no.

Norsk Sagbruksmuseum

1991 - 2011

20 år

Det var i 1991 at Spillen Dampskipsmuseum ble etablert som Norsk Sagbruksmuseum på Spillum. Sagbruksmuseet befant seg i en tid da også andre museer i landet ble etablert, blant dem også Nord-Trøndelag museum. Museet har sin historie tilbake til 1981, da sagbruksmuseet ble etablert ved Spillum Dampskipsmuseum. Etter at sagbruksmuseet ble etablert, kom det med et stort antall utstillingssaker fra sagbruksmiljøet. Det var da også grunnlaget for at sagbruksmuseet ble etablert.

Redaksjon

Kjell Roger Eikeset • Geir A. Grøtan • Inge Sørgård

Det har vært mange viktige begivenheter i sagbruksmuseets historie. Det var først i 1991 at sagbruksmuseet ble etablert, og det var først i 1996, når det startet en prosess til å få museet et eget navn. Det var da sagbruksmuseet med dampkraft ble etablert. I 1998 ble etablert Spillum Dampskipsmuseum ved Hovslund, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2000 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2001 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2002 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2003 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2004 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2005 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2006 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2007 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2008 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2009 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2010 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet. Det var først i 2011 at sagbruksmuseet fikk et eget navn, og det var da også etablert et museum for sagbruksmuseet.

Utgiver

Museet Midt, avdeling Norsk Sagbruksmuseum

• 2011 •